

# ÅRSMELDING

## for Rasdalen grendalag

### 2021/2022

#### Innleiing

På grunn av Korona-pandemien vart heller ikkje det planlagde årsmøtet 1.april 2021 gjennomført. Styret og valnemda vart derfor einige om at det dåverande styret skulle halda fram i eitt år til, utan endringar.

#### Styret har då vore samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Frode Tufte, Arild Skjelbred, Nina Haugsnes og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Vegard Rasdal, Victor Larsen

Av styret står Terje på val (leiar), Jan og Nina står på val (styremedlemmer) og Victor står på val (varamedlem).

-----

Valnemd : Jan Olav Larsen og Geir Rasdal, Jan Olav står på val.

Revisor er Agny Laukeland Bygnes.

#### Møteverksemd og Korona

Dette året har det vorte halde tre styremøte i grendalaget. I tillegg har styret hatt ein del kommunikasjon digitalt. Det første styremøtet hadde me 1.april, det andre møtet vart halde 21.mai og det tredje 15.oktober. Årsmeldinga vil vidare setja fokus på nokre av dei sakene som me i styret synest har vore viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

Korona-pandemien sette altså nok ein gong ein stoppar for årsmøtet i Rasdalen i påska 2021. Men me organiserte eit påskelotteri der me la ut loddbøker i grendahuset på førehand, og der me hadde trekning på skuleplassen påskeaftan. Det var sjølvstøtt også mogeleg å bruka Vipps på dette lotteriet. Resultatet av lotteriet var positivt, me fekk inn gevinstar, folk tok lodd, og det kom inn 12620 kroner. Styremøte hadde me som vanleg på Skjærtorsdag. Der gjekk me gjennom årsmeldinga og hadde ein gjennomgang av aktivitetane i grendalaget utover i året.

Årsmeldinga som no er skriven, men ikkje godkjent, vert lagd ut på Rasdalssida, [www.rasdalen.no](http://www.rasdalen.no). Det må vera i grendalaget si interesse at aktiviteten, og det som har skjedd det siste året, vert skriftleg dokumentert, også med tanke på dei som kjem etter oss. Elles vert medlemmene i grendalaget oppfordra til å senda bilete, ev. med tekst, til redaktøren av sida.

## **Saker det har vore arbeidd med :**

### **Dugnaden 22.05.21**

Denne gongen gjekk dugnadsarbeidet i hovudsak ut på å reinska og å rydda grøftene nedover i Rasdalsvegen. Me hadde godt ver den dagen, og fekk gjort eit viktig arbeid for å hindra at store nedbørsmengder kunne gjera skade på vegen. Voss herad hadde på førehand grave og reinska grøftene maskinelt. Vegen hadde tydelege merke etter granhogsten, der det vart brukt tunge og store maskiner. Det vart også den dagen vaska og reingjort i grendahuset, det høyrer også med til dugnadsarbeidet.

### **Sommarfesten 31.07.21**

Sommarfesten vart avvikla etter same mønster som tidlegare, først aktivitetar ute, og så samling inne. Det var ca 30 personar denne gongen som hadde ein triveleg kveld i lag. Uteaktivitetane gjekk greitt unna med konkurransar og med natur- og kultursti, og veret var på vår side. Det kan nemnast at naturstien denne gongen vart ei kreativ og nyskapande oppleving. Der fekk me innsyn i at det føregjekk noko merkeleg og mistenkeleg i Rasdalen, der medlemmene i styret kom i fokus. Det var utfordrande for festlyden å finna løysinga på dette mangslungne mysteriet, men jammen var det nokre som etter kvart skjønna kva dette dreia seg om.

Etterpå heldt me etter tradisjonane til i salen nede. På grunn av Koronaen hadde også denne gongen deltakarane med seg mat sjølve. Elles var det quiz med varierte spørsmål, allsong og eit åresal som gav grendalaget pengar i kassa. Denne festen er viktig for grendalaget, og i fjor fekk me inn 5343 kr på åresalet.

Me har i styret teke opp dette med å freista å gjera sommarfesten meir attraktiv for dei yngre. Då treng me også engasjement og idear frå folk, slik at me kan få ein del fornying når det gjeld denne festen. Det er berre å senda framlegg om dette til Arild, slik at han vidare kan leggja det ut på nettet. Me kan også lufta dette på påskebasaren 16.april, og utfordra folk med å koma med innspel der.

## **Fellestur til Aldalen 24.07.2021**

Dette vart ein flott og spesiell fellestur ! Leiaren tok turen til Aldalen ei god veke på førehand, og gjorde der avtalar om opplegget. På fellesturen fekk me nydeleg ver som bestilt, og det var mange i grendalaget som tok turen til Aldalen denne laurdagen. Me køyrde over brua og parkerte bilane litt nedom Meland. Derifrå gjekk me ned til Aldalen, eit fasinerande område med store flater. Per Bjørvik og sambuaren tok godt imot oss, og me fekk omvisning i verkstaden. Det var også høve til å kjøpa med ulike varer frå verkstaden, og det var det mange som benytta seg av. Dette var ein ny plass for mange, og me har mange gode minne frå denne turen.

## **Økonomien til grendalaget**

Som det har vorte skrive i dei siste årsmeldingane, har me hatt bra styring med økonomien over mange år. Med god hjelp frå medlemmene meiner me å ha kontroll, noko som medfører at det er lettare å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Saldo per 31.12.21 var på 70421,80 kr. Etter den tid har det gått ut om lag 25000 kr til faste utgifter. På styremøtet 15.oktober i fjor vart det kommentert at grendahuset sine straumutgifter var låge, men no er situasjonen som kjent ein heilt annan. Når det gjeld medlemskontingenten, oppmodar me medlemmene at den vert betalt inn innan 1.juni 2022. Det er like godt å få det gjort, elles vert det fort gløymt. Kontingenten for husstand er 300 kr, og for enkeltmedlem 150 kr. Kontonummeret til grendalaget er 3480 11 38286. Informasjon om dette ligg også på [www.rasdalen.no](http://www.rasdalen.no) og på Facebook.

## **Diverse**

Det mest viktige dugnadsarbeidet vårt opp gjennom åra har vore vedlikehaldsarbeid og anna arbeid på grendahuset. Dermed vert det også meir attraktivt å bruka dette huset som lokale for møte, samkomer og festar av ulikt slag.

Det å ta vare på huset, slik at det ser velstelt og skikkeleg ut, er noko som alltid må prioriterast. I mai 2022 skal me ha nok ein konfirmasjonsfest i grendahuset.

Elles søkte me om fritak av eigedomsskatt for grendahuset i januar 2022. 8.mars kom svaret på søknaden til Voss herad, og meldinga derifrå var at me får fritak frå eigedomsskatt på omsøkte eigedom.

Vipps fungerer også godt, det er også eit velkome tiltak som mange som nyttar seg av. Vippsnummeret til Rasdalen grendalag er 530195.

Når det gjeld det digitale kartet, så tek me sikte på at det snart er ferdig stilt.

## Vurdering av arbeidsåret og vegen vidare

Trass i Koronaen, så har det skjedd ein god del i grendalaget sin regi dei to siste åra. Sjølv om det meste av påskeaktivitetane har gått ut, så har dei andre opplegga og aktivitetane vorte gjennomførte. Grendahuset har, slik som årsmeldinga viser, vore i bruk og til nytte for medlemmene. Badet vert brukt og er såleis eit godt tilbod for medlemmene.

Styret prøver så godt det kan å vidare tilretteleggja aktivitet i dalen. Me tek sikte på å arrangera både dugnad, fellestur og sommarfest i 2022 også, informasjon om dette skal koma om ikkje så lenge.

I tillegg er det viktig for oss å halda grendahuset i bra stand. Me har også ei ordning med at det er ettersyn av grendahuset i vinterhalvåret. Særleg er dette viktig når kulden set inn og det er fare for frost, og også når det er mykje snø, slik som det var før i vinter

Elles lyt det også nemnast den eksplosive flaumen, 28.juli, i fjor sommar, den fekk Rasdalsområdet verkeleg merka. På kort tid gjekk bekkar og elva over alle breidder, og det vart gjort skade på både på veg og bruer fleire stader. Spesielt fekk elva innom Rasdalsvatnet merke etter dei store vassmengdene. All steinen som kom ned Storegroa i Øvre Rasdal, synte oss også at det hadde vore uvanlege sterke krefter i sving. I etterkant vart det såleis rikeleg med arbeid med å ordna opp etter denne flaumen.

Gjennomsnittsalderen i styret er relativt høg, og mange av oss er etter kvart framkomne i trygda. Så dette med rekruttering vert meir og meir påtrengande for kvart år som går. Me vil oppmoda om at dersom det er nokon/nokre som vil melda seg til teneste for grendalaget, så er det berre å ta kontakt.

Avslutningsvis må det vel kunna seiast at me alle har hugnad med at Koronaen omsider har sleppt taket, slik at både me og samfunnet elles kan få meir normale tilstandar etter desse to spesielle åra.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal 06.04.2022

